



Nynorsk mediesenter

Status per 16.10.2006



Auka kursverksemd i Munn og mæle

- Etter to års drift er opplæringa av nynorskpraktikantar i så godt gjenge at vi vågar å utvide kursverksemda "Munn og mæle". No utviklar og forbetrar vi kurstilbodet og driv aktivt sal av ulike kurspakkar, seier leiar for Nynorsk mediesenter, Magni Øvrebotten.



Vi har hyra Wenche Eikum i to månader for å vurdere dei kursa vi har, lage nye kurs, selje og halde kurs. Ho har lang røynsle som journalist i NRK Sogn og Fjordane, og har siste åra vore medielærer på Firda vidaregåande skule. Eikum har utdanning i både norsk, journalistikk og pedagogikk frå Høgskulen i Volda.

Det er kurs om nynorsk og media som er nisja til Munn og mæle, og vi har kurs i medietrening, presentasjon, skriving for Internett og god nynorsk. I tillegg deltek vi på ein del beredskapskurs i regie av Fylkesmannen for å snakke om media si rolle i krise og beredskap. Desse emna kjem vi til å vidareutvikle for større og mindre grupper, og vi lagar nye kurs om t.d. "Stolt nynorsk". Kursopplegget vert presentert på nettsida vår www.nynorskmediesenter.no

Sjette kullet klart



Desse fem jentene utgjer sjette kullet med nynorskpraktikantar, som byrjar i Førde 3.januar 2007. Frå venstre Yngvill Kolset Haga, 26 år, frå Verdal i Nord-Trøndelag, Gunhild Sølvberg, 28 år, frå Førde i Sogn og Fjordane, Mona Vetthus, 31 år, frå Uskedalen i Hordaland, Inger Tveito, 21 år, frå Kviteseid i Telemark og Ragnhild Bjørge, 29 år, frå Klokkarvik i Hordaland.

Det var 46 søkjarar til sjette kullet med nynorskpraktikantar då søknadsfristen gjekk ut 1.oktober. Av dei var 13 menn og 33 kvinner mellom 20 og 47 år. Vi kalla tretten inn til konferanse og studiotest.

- No må vi snart til med kjønnskvoltering av menn, men vi må å ha fleire å velje i, seier Magni Øvrebotten, som er tilhengar av kjønnskvoltering begge vegar. - Det er sjølvsgatt ikkje ideelt med eit reint jentelag, men denne gongen vart det slik same kva vi gjorde. Vi har prøvt det før og veit at det går greitt. -Eg er nøgd med at dette kullet har bra geografisk spreining, frå Verdal i Nord-Trøndelag til Kviteseid i Telemark, iblanda tre vestlendingar. Det er flest søkjarar frå Hordaland og Sogn og Fjordane, der nynorsken framleis står sterkt, men vi må og få med folk frå dei områda der han slit. Dei treng nynorskbrukande føredøme i radio og fjernsyn meir enn nokon andre, seier Øvrebotten.

Femte kullet snart i praksis



Frå venstre Bjarte Vik, frå Ålfoten i Sogn og Fjordane, Marianne Feste frå Seim i Hordaland, Gøril Furu frå Sunndalsøra i Møre og Romsdal, Ingrid Hognaland frå Nedre Vats i Rogaland og Vidar Eidhammer, frå Skiold i Rogaland.

Dei byrja på opplæringa 4.september og er klare for praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane 1.november. Frå nyttår av skal dei i praksis i andre redaksjonar. Slik har dei det som nynorskpraktikantar:

Bjarte Vik

- Eg har det strålende her på Nynorsk mediesenter! Opphaldet har så langt vore over all forventning. Det er utruleg kjekt og effektivt å lære ved å gjere. Ikkje minst er det artig å ha ein utfordrande jobb der du **må** utfalde deg, bruke fantasien og prestere. Du får løn for strevet til slutt, ved at sakene dine vert sende på radio. Nynorsk mediesenter er noko eg absolutt vil anbefale til dei som er nyfikne på journalistyrket!

Marianne Feste

- Eg trivst svært godt her i Førde, og føler at me vert godt tatt vare på. Eg trur eg aldri har lært så mykje på så kort tid før. Sjølv om læringskurva er bratt heng eg med. Noko av årsaka er at eg heile tida må prøva og feila. Å lære ved å gjera er ein metode som fungerer svært bra for min del. Det å heile tida få både positive og negative tilbakemeldingar på det arbeidet eg gjer, er med på å gjera meg meir bevisst, og vonleg vil det føra til at eg løyser oppgåva betre neste gong. Det er kjekt å jobba i eit miljø der eg ikkje treng å tenkja på at folk ikkje skal forstå meg berre fordi eg snakkar dialekt og nyttar nynorsk.

Gøril Furu

- Dei seks vekene eg har vore i Førde har vore sær s innhaldsrike: Eg trur eg med handa på hjartet kan seie at eg aldri har lært så mykje på så kort tid! Verdien av å vere i eit aktivt miljø og få impulsar frå eit produserande og oppegåande distriktskontor kan ikkje samanliknast med å sitje på skulebenken. I tillegg har eg vakse som person på å bli "pressa" til å gjere ting eg eigentleg tykkjer er litt skummelt. Det er sunt!

Opplegget med kurshaldarar utanfrå er også noko eg verdset høgt. Sjølv om læringskurva er bratt og arbeidsdagane kan bli lange, kan ikkje opplegget oppsummerast betre enn med eit ord: Supert!

Ingrid Hognaland

- Eg har lært veldig mykje i løpet av den første månaden me har vore her. Eg trur eg aldri tidlegare har lært så mange ulike ting i løpet av så kort tid. Eg lærer noko nytt kvar einaste dag. Miljøet ved Nynorsk mediesenter er mykje betre enn miljøet ved vanlege utdanningsinstitusjonar. Her er me aldri anonyme og får heile tida tilbakemeldingar. Her lærer me gjennom å få prøve og feile, og det er nok den beste måten ein kan lære noko på.

Vidar Eidhammer

- Opplæringa går strålende. Har lært utruleg mykje på veldig kort tid, og eg er generelt sær nøgd med heile opplegget. Flott at de hentar inn eksterne personar som t.d. Tore Andresen. Me lærde mykje av han. Eg meiner og at det er eit godt samhald i gruppa, og at me glir ganske greitt inn i miljøet her på huset. Kjekke folk alle i hop.

Dei nye lærarane

Dei to røynde fotografane Sissel Rikheim og Merete Husmo Høidal deler eit vikariat som faglærer ved Nynorsk mediesenter til sommaren 2007. Dei er vikarar for Randi Indrebø, som har mammapermisjon. Sissel Rikheim arbeider elles som fotograf og redigerar i Program Riks i Bergen, Høidal har permisjon frå fotografjobben sin i NRK Sogn og Fjordane. Geirmund Henjum er den andre faglæraren. Dei to nye lærarane oppsummerer dei fyrste månadane slik :



Sissel Rikheim : - *Det har vore nokre lærerike veker. Praktikantane tek raskt til seg kunnskap, både teoretisk og ikkje minst praktisk. Etter kort tid var dei ute med mikrofon og kamera og kom innatt med gode opptak som dei redigerte sjølve. Det er ei fryd å sjå!*



Merete Husmo Høidal: - *Å vera lærar ved Nynorsk mediesenter er som å treffe blink på kvart forsøk. Læringskurva til praktikantane er særst bratt og eg kan ikkje tillate meg å bomme i undervisinga. Det at dei fem er som lauvsgarar gjer det endå skumlare å bomme,- alt som blir sagt forsvinn rett inn i toppen på dei. Dette stiller store krav til meg som lærar, og det må eg seie er ein sann fornøyelse!*

Vi har framleis gjesteførelesarar attåt faglærarane. Dei faste førelesarane er direktør Ottar Grepstad ved Nynorsk kultursentrum, Jon Peder Vestad, nynorskkonsulent i NRK og 1.amanuensis Jan Olav Fretland ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Desse tre gjev praktikantane innføring i nynorsk språkhistorie og praksis. Banksjef Arve Sandal føreles om Sogn og Fjordane, der nynorskpraktikantane skal ta sine fyrste vaklande steg som journalistar, og treng å vite meir enn himmelretingane.

I haust har Tore Andresen frå NRK Kompetanse førelese om TV-kommentaren i tre dagar, Ingvild Bryn i Dagsrevyen kjem og snakkar om "Klar tale", Kari Sørbø i Her og Nå om "Den engasjerte journalisten", Jo Hjelle i NRK Hordaland om "Kvardagen som videojournalist", Tord Nedrelid ved Institutt for journalistikk om "Nettjournalistikk", Odd Isungset frå TV2 og Pressens faglege utval om presseetikk med utgangspunkt i aktuelle saker i PFU og Audhild Gregoriusdotter Rotevatn, Kanal24, skal førelesa om "Journalistikken i Kanal24".

Handplukking av talent

Nynorsk mediesenter er heilt avhengig av den praksisen praktikantane får i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane og i andre redaksjonar mot slutten av opplæringa. Denne praksisen er grunnlaget for lære-med-å-gjere-det-metoden, som vi meiner er svært vellukka.

Det er lett å få praksisplassar til praktikantane, og tilbakemeldingane er gode. NRK Dagsnytt, P3 og distriktskontora er dei som har teke mot flest nynorskpraktikantar, og gjeve dei arbeid etterpå. Eitt av dei kontora som har tilsett praktikant etter praksis er NRK Nordland :



Tone Kunst, distriktsredaktør i Nordland:

- *Jeg tror Nynorsk mediesenters suksess kommer av måten dere håndplukker de journalistiske talentene på, og deretter driver intensivopplæring slik at de kan gå rett inn i redaksjonelt arbeid når de kommer i praksis. Jeg er svært fornøyd, og har opplevd at andre nikker gjenkjennende når jeg forteller om min erfaring med mediesenteret.*

Kvar vert dei av ?

Sidan starten hausten 2004 har Nynorsk mediesenter sendt frå seg 20 nynorskbrukande journalistar. 17 av dei har heil- eller deltidsarbeid i NRK. Dei andre har relevant arbeid i andre verksemdar. Det er korkje bindingstid eller garanti om arbeid i NRK etter avslutta opplæring, og vi ynskjer å rekruttere journalistar også til andre medieverksemdar enn NRK.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006.



Frå venstre Asgeir Reksnes, Bergit Sønstebø Svendseid, Erlend Blaalid Oldeide, Ingrid Aanestad og Øystein Windstad.

Asgeir Reksnes (1979) har eit årsvikariat i NRK Sogn og Fjordane etter praksis og sommarjobb ved distriktskontoret. Han arbeider ved lokalkontoret i Nordfjord.

Bergit Sønstebø Svendseid (1984) er fast tilsett som nettarbeidar i Kirkens Nødhjelp. Etter praksis i Dagsnytt fekk ho tilbod om å vere tilkallingsvikar, men valde fast arbeid.

Erlend Blaalid Oldeide (1984) har årsvikariat i NRK Nordland, der han og hadde praksis.

Ingrid Aanestad (1983), er tilkallingsvikar i kulturavdelinga i NRK P2, der ho hadde praksis i Kulturbeitet. Ho debuterte i august med romanen " I dag er ein fin dag" på Oktober forlag og er ein av fire nordmenn som kom inn på det nordiske forfattarstudiet ved Kunstakademiet i Gøteborg i haust.

Øystein Windstad (1983) er tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal, det har han vore sidan han hadde praksis og sommarjobb i Ålesund.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Frå venstre Håvard Hamnberg, Karoline Kalstveit, Gisle Forland, Marita Haugo og Sølve Rydland.

Håvard Hamnberg (1978) er fast tilsett som nettjournalist i Carbonsnytt, ein nettstad for analyse og sal av Co2-kvotar. Der må han skrive engelsk. Han hadde praksis i Kulturnytt i NRK P2, men tykte livet som tilkallingsvikar etterpå vart for usikkert når studielånet skulle betalast.

Karoline Kalstveit (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer miljø- og ressursfag ved Universitetet i Bergen. Ho fekk vikariat i NRK Rogaland etter at ho var ferdig i praksis og arbeidde i Stavanger til ho byrja studere i haust.

Gisle Forland (1981) er tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal, og har arbeidd der sidan han hadde praksis som nynorskpraktikant i Ålesund.

Marita Haugo (1982) er tilsett i 50 % vikariat som produsent i NRK i Drammen. Ho hadde praksis ved NRK i Buskerud og har vore knytt til kontoret etter den tid, mellom anna som vikar ved lokalkontoret i Ål i Hallingdal.

Sølve Rydland (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen. Han vart tilsett som vikar i NRK Hordaland etter at han var ferdig med praksis i NRK Dagsnytt.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Frå venstre Solveig Hareide, Eli Vaage, Ingebjørg Bø, Birte Njøsén Horne og Janne-Marit Myklebust

Solveig Hareide (1983) har 50 % vikariat i P3 i Trondheim til nyttår der ho arbeider med nettsida og TV-delen av musikkprogrammet URØRT. Elles studerer ho "Musikk i media" ved NTNU. Ho har studert og frilansa for NRK P3 sidan ho var ferdig som nynorskpraktikant.

Eli Vaage (1984) er tilsett i eit årsvikariat som reporter, meldingslesar og vaksjef i P3-nyhenda i Trondheim. Ho har studert og vore tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og NRK Østfold etter at ho var ferdig som nynorskpraktikant sommaren 2005.

Ingebjørg Bø (1977) var tilkallingsvikar for NRK i Telemark og skreiv for fleire aviser til ho tok mammapermisjon i februar 2006.

Birte Njøsén Horne (1984) er vikar i Nitimen og nettansvarleg for TV-programmet "Kjempesjansen" til nyttår. Ho har arbeidd eit halvår i NRK Sogn og Fjordane og vore frilansar i Bergen etter at ho var ferdig.

Janne-Marit Myklebust (1981) er tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal. Ho har studert engelsk og vore tilkallingsvikar i NRK Hordaland.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Frå venstre Eli Bjelland, Knut Åge Teigen, Svein Ove Hansli, Maria Rivedal og Inger Johanne Sæterbakk.

Eli Bjelland (1981) byrja 13.oktober i eit vikariat i NRK Dagsnytt fram til nyttår. Ho skal fyrst og fremst lese Dagsnytt. Ho har arbeidd som vikar i NRK Hordaland sidan ho var ferdig som nynorskpraktikant.

Knut Åge Teigen (1970) er fast tilsett i videoselskapet Snøball og GAN forlag. Han er av dei tidlegare nynorskpraktikantane som driv med det vi kallar "relevant arbeid utanfor dei store medieverksemdene". Nokon lurar på kva det betyr og 13.oktober oppsummerer Knut Åge Teigen arbeidet sitt:

- Her er det hektisk med innsjutt i Naturfagprosjektet med siste redigeringsdag på måndag. Då er ressurspakka i boks – 35 kortfilmar om naturfagundervising på 1.-7.trinn og eit tilhøyrande teksthefte på 64 sider. I dette prosjektet har eg hatt regien på om lag halvparten av filmene + stått for skrivinga

av tekstheftet. Pakka skal lanserast på naturfagkonferansen på Blindern i slutten av månaden. Filmane vil også verta fritt tilgjengelege på nettstaden vår: www.skoleipraksis.no

Elles er eg i gang med eit tilsvarande filmprosjekt om nynorsk. Tittelen er i praksis – nynorsk som sidemål i grunnskulen. Det vert hovudprosjektet mitt i Snöball Film fram til sumaren. Det vert spennande. I den andre jobben min, GAN Forlag, held eg fram som forlagsredaktør i halv stilling. Forlaget er kjøpt opp av Aschehoug, men forlagsverksemda skal halda fram som tidlegare.

Svein Ove Hansli (1976) er tilsett som vikar i NRK Dagsrevyen til nyttår. Han har arbeidd i Dagsnytt og NRK Sogn og Fjordane etter at han var ferdig som nynorskpraktikant.

Maria Rivedal (1981) er vikar i P3 og P1 på Tyholt, og har arbeidd der sidan ho var ferdig. Saman med ein kollega fekk ho Nordisk råds journaliststipend for 2006. Dei skal oppsøkje nye musikkscener på Island og i Norge, og samanlikne dei med svenske og finske forhold.

Inger Johanne Sæterbakk, (1981) er vikar i NRK Troms og Finnmark, og arbeider no ved lokalkontoret i Hammerfest. Ho har arbeidd i Finnmark sidan i fjor haust, og var før det innoom både Norgesglaset, NRK Trøndelag og NRK Hedmark/Oppland som vikar.

Kursverksemda - Munn og mæle



Nokre av kurshaldarane til Nynorsk mediesenter. Frå venstre : Magni Øvrebotten, Ragnvald Søgnesand, Jan Olav Fretland, Anne-Mette Hjelle, Inge Kjell Holme, Geirmund Henjum, Wenche Schanke Eikum, Arve Sandal og Randi Indrebø.

Munn og mæle er den kommersielle delen av Nynorsk mediesenter. Kursa skal skaffe inntekter til drifta av senteret, og løyvingane frå NRK skal ikkje nyttast til kursverksemd. For å synleggjere at kursa er noko anna enn praktikantordninga kallar vi kursverksemda "Munn og mæle".

Vi ynskjer å gje kursdeltakarane kunnskap om, og trening i, media og nynorsk, som gjer dei trygge og frimodige nok til å vere seg sjølve og våge seg frampå i mediesamfunnet. At folk meistarar det er til fordel både for demokratiet, mangfaldet i media og dei som arbeider der, som slepp mange usikre intervjupersonar og vegring mot intervju.

Det er eit mål også for media at folk skal kome fram med det dei meiner og står for, og ikkje skugge unna i frykt for å dumme seg ut. Aktive journalistar korkje kan eller skal drive med medietrening av fare for ugildskap, dvs. trening av folk dei seinare skal intervju. Nynorsk mediesenter har knytt til seg tidlegare journalistar, som kurshaldarar, i tillegg til dei tre tilsette.

Døme på kurs: Medietrening, handtering av media i krisesituasjonar, presentasjon, skriving for Internett, god nynorsk, osb. Kursa rettar seg både mot einskildpersonar, redaksjonar, organisasjonar og næringsliv. Vi skreddarsyr kursa, og held dei anten i lokala våre i Førde eller der oppdragsgeveren ynskjer. Vi leiger inn kurshaldarar alt etter kva kurs det er snakk om.

I haust har vi nyleg hatt kurs i skriving for Internett med elleve nettfolk hjå Fylkesmannen i Hordaland. Vi skal ha medietrening med vel tjue tilsette hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, og vere med på fleire beredskapskurs med kommunar i hans regi. Vi skal førelese for yrkesoffiserar og HV-tilsette i HV-10 på Åndalsnes om media, førelese om nynorsk i media på Høgskulen i Volda, og ha medietrening med LO Stat i Hordaland og Sogn og Fjordane, osb. I tillegg går vi no aktivt ut og sel kurs, noko vi ikkje har gjort tidlegare.

Linda Eide fekk nynorskpris for journalistar

Linda Eide i NRK Riks i Bergen, vart den fyrste vinnaren av Kultur- og kyrkjedepartementet sin nynorskpris for journalistar. Prisen er på 50.000 kroner og eit kunstverk og vart delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 22.juni i år. I juryen si grunngjeving heitte det mellom anna :



- *Prisvinnaren har mest skapt sin eigen sjanger i norske media, både i radio og fjernsyn, og som kårar og skribent. Ho er tydeleg stolt over nynorsken sin, og har vore ein forkjempar for bruk av nynorsk i media. Dessutan er ho ein fryd å høyre på, leikar med ord og setningar, tilpassar stilen til innhaldet, er undrande, tvisynt og kan stille spørsmål vi knapt visste vi lurde på.*



I juryen er NRK-journalist *Gry Molvær*, Trondheim, leiar. Ho har med seg forfattar *Olaug Nilssen*, Bergen, og sjefredaktør *Tom Hetland*, Bryne, i Stavanger Aftenblad. Leiar for Nynorsk mediesenter, *Magni Øvrebotten*, er sekretær for juryen. Prisen vart oppretta av Kultur- og kyrkjedepartementet i samband med opninga av Nynorsk mediesenter i 2004.

Føremålet med denne nynorskprisen er å fremje bruk av nynorsk i media og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre. Prisen skal gjevast til ein journalist som har utmerka seg med bruk av levande og god nynorsk i norske media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken status og innpass på nye område. Prisen er ei pengegåve på kr. 50.000,- og eit kunstverk. Fristen for å føreslå kandidatar til prisen var 1.mai. Det kom inn vel 30 framlegg på 25 namn.

Språk i andre fora

Kultur- og kyrkjedepartementet har oppnemnt *Magni Øvrebotten* til nestleiar i Språkrådet for 2006-2009. Språkrådet har sju medlemmer og fylkesmannen i Rogaland, *Tora Aasland*, er leiar. *Øvrebotten* har vore med i interrimstyret for det nye Språkrådet sidan 2004.

Faglærer *Geirmund Henjum* er ein av sju rettleiarar i "Språkskulen på nett" i NRK Kompetanse sin regi. *Henjum* er ein av to nynorskbrukarar som gjev rettleiing til NRK-tilsette om språk.

"Stolt nynorsk"

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreieing av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio og fjernsyn.

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie - og samfunnsdebatten.

”Dyktig - frodig – framfus”

Dette er verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere *dyktig* for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet. Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

Løvetanna



er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren i Gasta reklamebyrå som har laga både det og heile designprogrammet for Nynorsk mediesenter.

Slike statusrapportar som dette lagar vi tre-fire av i året. Vi sender dei til leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar, nynorskørsla og andre som spør etter korleis det går med oss. Du finn alle tidlegare rapportar på nettsida vår, under ”Statusrapportar”.

POSTADRESSE:

Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no

